



BERGEN KOMMUNE BYRÅDSAVDELING FOR BYUTVIKLING  
Postboks 7700  
5020 Bergen

Sakshandsamar::  
Sissel Storebø

## Inspeksjonsrapport

### Inspeksjon ved Bergen biogassanlegg

#### Kontrollnummer: 2019.029.I.FMVL

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Kristine Akervold, Rune Frederich, Roger  
Hammersland, Jakin Halvorsen og Bjørg  
Moen

*Frå Fylkesmannen i Vestland:*

Sissel Storebø og Nina Vadøy

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Bergen biogassanlegg den 2. oktober 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekkja 2 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Internkontrollen for ytre miljø har manglar
- Verksemda har ikkje etablert system for energileiing

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

#### Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

11.10.2019

dato

Sissel Storebø

seksjonsleiar

Nina Vadøy

overingeniør

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> BERGEN KOMMUNE BYRÅDSAVDELING FOR BYUTVIKLING	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 976821580	<b>Eigd av:</b> -
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 84.130 - Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Bergen biogassanlegg	<b>Anleggsnr.:</b> 1201.0581.01
<b>Kommune:</b> Bergen	<b>Fylke:</b> Hordaland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Biogass	
<b>Løyve gitt:</b> 01.10.2012	<b>Sist endra:</b> -

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- internkontroll
- prosess og reinseutstyr
- utslepp til luft
- utslepp til vatn
- avfall
- kjemikal

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### **3. Oppfølging etter inspeksjonen**

Bergen kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Bergen kommune innan 31. desember 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Sissel Storebø.

### **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 25. september 2019. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Bergen kommune betale eit gebyr på kr 32 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### **5. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

## 6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1

Internkontrollen for ytre miljø har manglar

#### Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7 om risikovurdering og rutinar

Internkontrollforskrifta § 6 om samordning

Produktkontrollova § 3a om substitusjonsplikt

#### Kommentar til regelverket:

*Miljørisikovurdering – internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6*

Verksemnda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikotilhøva. Risikovurderinga skal også omtale alle relevante aktivitetar og område som kan føre til behov for samordning med andre aktørar på området.

*Samordning – internkontrollforskrifta § 6*

Når fleire verksemder utøver arbeid på same arbeidsplass, skal dei, når det er nødvendig, skriftleg avtale kven av dei som skal ha ansvaret for å samordne internkontrollen for deira felles aktivitetar eller område. Kjem slik avtale ikkje i stand, kan tilsynsstyresmaktene bestemme kven av dei som skal ha dette ansvaret.

*Lagring av EE-avfall – internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6*

EE-avfall kan innehalde helse- og miljøskadelege stoff. EE-avfall skal derfor oppbevarast på eigna stad, som ikkje er skjemmande eller fører til fare for forureining eller skade på menneske eller dyr. Moglegheita for førebuing til ombruk, materialgjenvinning og utsortering av komponentar i EE-avfallet skal ikkje bli redusert. Det vil normalt bety at avfallet må lagrast på fast dekke med moglegheit for oppsamling og skjerma for vêt og vind. Lagring av avfallet må risikovurderast.

*Avvikshandtering og rutinar – internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7*

Verksemnda skal utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje overskridingar av krav fastsett i eller i medhald av helse, miljø- og sikkerhetslovgivinga.

*Leveringsplikt knytt til farleg avfall – avfallsforskriften § 11-8*

Dersom det oppstår over 1 kg farleg avfall har verksemnda plikt til å levere dette til lovleg avfallsmottak. Det farlege avfallet skal leverast minst 1 gong per år.

*Substitusjon – produktkontrollova § 3a*

Substitusjon betyr erstatning. Substitusjonsplikta inneber at verksemder må vurdere sin kjemikaliebruk og gå over til mindre skadelege alternativ der det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe. Alle verksemder som brukar produkt som inneheld helse- og miljøskadelege kjemikal, skal vurdere substitusjon.

Informasjon om substitusjon finn ein i rettleiing ta1715 og faktaark M104. Sjå vedlegg. I rettleiinga om substitusjon er det presentert ei «trinn for trinn»-prosedyre med 7 punkt for korleis utføre substitusjon:

1. Skaff informasjon om det eksisterande produktet.
2. Gjer ei prioritering av tiltaka.
3. Finn ut om det finst alternativ.
4. Kva for risiko fører alternativet til? Kva kan skje dersom ein vel alternativet?
5. Samanlikn risiko.
6. Substituere? Er alternativet eit betre val?
7. Følg utviklinga og vurder med jamne mellomrom.

### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

#### *Miljørisikovurdering*

Verksemda har utarbeidd ei miljørisikovurdering frå 2017. Denne er ikkje oppdatert. Til dømes vart det opplyst at punkt 5 «Utslipp over tak mottaksbygg, luft fra tanker» ikkje er i samsvar med dagens praksis.

Verksemda har ikkje utarbeidd ein handlingsplan med tiltak, fristar og ansvar for gjennomføring. Det er gjennomført ein ROS-analyse i 2017 der det står omtalt tiltak for nokre område. Tiltak knytt til hendingar som gjeld avfallshandtering, kjemikaliehandtering, aktivitetar/stopp i prosess som kan føre til utslepp med meir er ikkje omtalt.

#### *Samordning*

Det går ikkje fram av risikovurderinga at verksemda har vurdert om det er behov for samordning av internkontroll for ytre miljø mellom verksemdene på industriområdet i Rådalen. Fleire tema kan vere aktuelle å samordne, til dømes lukt, støv og overvasshandtering.

Det har i løpet av sommaren 2019 vore ei rekke klager på lukt frå området i Rådalen. Bergen kommune har gjort undersøkingar og følgd opp saka, mellom anna med besøk hos klager. Rådalen er eit område der det er mange verksemder som kan føre til lukt. Mange verksemder har gjort undersøkingar, men desse er ikkje vurdert samla. Det er ikkje laga ei skriftleg rutine for ei felles handtering av slike hendingar.

#### *Risikovurdering ved lagring av EE-avfall*

EE-avfall vart lagra i eit bur utandørs utan skjerming for vær og vind, og utan moglegheit for oppsamling. Dette var ikkje risikovurdert.

#### *Rutinar*

Det vart opplyst at nokre typar farleg avfall kunne stå lenger enn 1 år før det vart levert som farleg avfall. Verksemda hadde ikkje system for å hindre at farleg avfall står lagra lenger enn 1 år. Det stod ikkje omtalt i rutinen at farleg avfall skal leverast når det overstiger 1 kg.

Det vart opplyst at arbeid med risikovurdering og substitusjonsvurdering av kjemikal er i gang. Bergen kommune har ein rutine der substitusjon er omtalt, men det står ikkje i rutinen korleis substitusjon skal utførast.

## **Avvik 2**

Verksemda har ikkje etablert system for energileiing

### **Avvik frå:**

Løyve punkt 9.1 om energistyringssystem

### **Kommentar til regelverket:**

Bergen kommune skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon i anlegget.

Energistyringssystemet skal vere i samsvar med Norsk Standard for energileiing og inngå i internkontrollen, jf. punkt 2.6 i løyvet. Energistyringssystemet skal vere etablert før anleggsstart.

### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Bergen kommune ved Bergen biogassanlegg hadde ikkje etablert energistyringssystem. Det vart under tilsynet opplyst at arbeidet var i gang, men at det ikkje var ferdig og at det var eit krevjande arbeid.

## **7. Merknader**

Vi ga ingen merknader under inspeksjonen.

## **8. Andre tilhøve**

Biogassanlegget er omfatta av industriutsløpsdirektivet (IED) og BREF for avfallsbehandling. Bergen kommune ved Vann og avløpsetaten har fått pålegg om vurdering av BAT-konklusjonar for avfallsbehandling og frist for å sende inn opplysningar om verksemda innan 1. desember 2019. Dette følgjer Fylkesmannen opp som eiga sak.

## **9. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen